




*ÅRSMELDING OG
REKNESKAP 1995*

***VOLDA ØRSTA
REINHALDSVERK***



ÅRSMELDING FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK 1995

INNLEIING

1995 vart eit år med små praktiske endringar. Planlagde investeringar vart handsama og vedtekne. VØR fekk innvilga ei låneramme på over 7 millionar kroner til tiltak for å stå betre rusta til nye utfordringar. Mykje av det som var tenkt utført ligg framleis på planstadiet, og det er behovet for å sjå ei heilheit som gjer at det er vanskeleg å ta til i ein ende. Den store satsinga i regi av VØR, det anaerobe anlegget, er framleis ikkje handsama i kommunestyra, og når dette samtidig er eit prosjekt som grip sterkt inn i alt anna vi freistar å få på plass, så blir det dessverre lite konkret som syner att.

Dersom det dreg lenger ut no, så må vi berre til å bygge sorteringsanlegget for grovavfall, uavhengig av eit eventuelt anaerobt anlegg.

AKTIVITETEN I VØR

Hushaldningsavfall

Rutinene med innsamling av avfall frå hushaldningane går greit. Auken i talet på abonnentar har ikkje medført nemneverdig meirarbeid. Dette skuldast at bilane også tidlegare har køyrt forbi dei punkta som no er komne til. Den største endringa har skjedd på Trandal. Der hadde vi første del av 1995 innsamling ved hjelp av ein lokal gardbrukar. Denne løysinga vart uforutsett dyr, og frå sommaren av vart det utplassert konteinrar som er nedgravne i jorda og vert tømde når dei er fulle. Abonnentane må altså bringe avfallet til ein sentral plass, og «gevinsen» er ½ renovasjonsgebyr. Denne endringa skjedde i samråd med grendalaget på Trandal, og fungerer svært bra. Det er ikkje plage med lukt sjølv om det kan gå over to månader mellom kvar henting. VØR sparar dermed store utgifter på innleigd arbeidshjelp, og det kan vere freistande og prøve ordninga andre stadar. I alle høve så er løysinga ideell for reovering av t.d. setrar og hytteområde når det måtte bli aktuelt.

1995 vart det første året vi hadde dunkheiser på alle bilane. Desse vert brukt på ein del punkt med større mengder bos. Her er heilt klart potensiale til å betre arbeidsmiljøet ved å nytte konteinrar framfor all lempinga. Kanskje ser ein her også ein liten rasjonaliseringsgevinst?

Papirinnsamling

Papirinnsamlinga nådde nye høgder i 1995. Mengda og sorteringa er svært bra dersom ein ser det i lyset av dei små investeringane som er gjorde. Lønsemda med innsamlinga er svært avhengig av kva pris vi oppnår ved levering. I 1995 vart det kravd betaling 1. halvår, medan det i 2. halvår vart betalt. I praksis fekk vi altså levere papiret gratis i Ålesund.

Reknar vi inn sparte forbrenningskostnader, og trekker i frå ekstra løns- og driftsutgifter til innsamling, mellomlagring, opplesing og uttransport, så sit vi igjen med eit overskot! på omlag 250 tusen kroner på denne delen av drifta (samanlikna med brenning på Grautneset). Dette skal vi seie oss svært nøgde med!

Det neste som må satsast på er innsamling av papp frå næringar, og rasjonalisering av transporten av alt papir og papp frå VØR til Norsk Gjenvinning i Ålesund. Dette bør skje i større bilar enn det VØR disponerer i dag, og dette hastar på grunn av eit noko tvilsamt arbeidsmiljø ved omlastinga av papiret. Ein vil også oppnå endå betre lønsemd, og føreløbige kalkyler syner at vi kan redusere dei årlege kostnadane med nær 50 tusen kroner med forholdsvis små investeringar (omlasting til vogntog).

Glasinnsamling

1995 vart det året vi tok til att med gjenvinning av returglas. I ein periode har nemleg denne fraksjonen blitt levert til fylling. Men i 95 fekk vi meir plass, og det vart kjøpt inn to stk konteinarar som fungere som mellomlager. Mengdene i 1995 var beskjedne, men likevel, vi er igang igjen med glas til attvinning. Vi vonar at 10 nye «iglo-stasjonar» skal vere med å auke mengda av glas vesentleg.

Kvitevarer

I dag er det Vartdal Gjenvinning As som hentar denne fraksjonen, og det er stadig aukande mengder. Dette skuldast nok noko at vi har organisert innsaming i distrikta, og mykje som tidlegare har vore lagra i kjellarar og på låvar kjen no inn i systemet. Kanskje er det betre tider og auka kjøpekraft som også er med å gi slike resultat. Vi veit lite om framtida til denne innsamlinga, men så lenge vi får levere gratis, så yter vi tilsvarande service til forbrukarane.

Grovavfall

Det vart i 1995 løyvd pengar til eit sorteringsanlegg for grovavfall. Dette anlegget er stipulert til 3 mill kroner. Problemet er at vi parallelt planlegg eit anaerobt anlegg for handsaming av våtorganisk avfall, og mykje av utstyret og bygningsmassen vert samanfallande. Dermed så er det ikkje bygd noko sorteringsanlegg i 1995, og vi vonar på snarleg avklaring frå kommunane på dei andre sakene slik at det ikkje vert krise på deponiet. Kapasiteten i Alida er utnytta i 1996, og eg tvilar på om ein finn det rekningsssvarande å etablere noko nytt deponi i regionen vår. Politikken frå sentralt hald arbeider mot få og sentrale løysingar. Dermed er det mest nærliggande å forhandle fram ein leveringsavtale med Ålesund kommune eller SSR sitt deponi i Ulsteinvik for mottak av restavfall frå VØR.

Nytt av året er det ambulerande mottaket av grovavfall frå distrikta. Vi har i samarbeid med Vartdal Transport etablert eit opplegg med ein 35 m³ stor konteinar. Denne er del i to, slik at ein kan levere fleire fraksjonar. I tillegg til vanleg grovavfall, så kan ein levere større mengder olje (fat), bilbatteri og kvitevarer. På den måten supplerer dette systemet «Skvett`n»-ordninga for typer spesialavfall som er for store for levering til Skvett`n- konteinarane.

Grovavfallskonteinaren står ei veke på kvar «tettstad», og det vert annonsert i pressa om tid og stad. Vi har inntrykk av at ordninga er godt motteken, og ein må vurdere om vi skal køyre to runder i 1996.

Matavfall

Vi har nokre få abonnentar som nyttar seg av ordninga med redusert gebyr gjennom heimekompostering. «Dekningsgraden» er svært lav, omlag 0,5 % av abonnentsmassen. VØR sel bingar til kostpris til dei som ynskjer å kjøpe, medan andre bygg bingje sjølv etter teikning. Det er etterlyst kurs i heimekompostering, og VØR har oppmoda Miljøheimevernet til å ta tak i dette.

Når det gjeld attvinning av matavfall i større skala, ventar vi som eg har nemnt tidlegare på endeleg avgjerd om det anaerobe anlegget. Men når det gjeld matavfall frå storhushaldningar fekk vi seint på hausten melding om at dette no vert forbode å brenne, og skal leverast til Møre Miljøfor på Vestnes. Dette er eit nyetablert firma som kan lage grisefor av matavfall.

VØR er med i ei gruppe som skal sjå nærmare på moglege innsamlingsordningar for dette avfallet på Sunnmøre. Det som er heilt klart så langt, er at ein ikkje kan nytte det systemet vi har for innsamling i dag, og at ordninga kjem til å bli vesentleg dyrare for abonnentar som vert pålagt separat matavfallslevering til Vestnes.

Det er venta at innsamlinga kan ta til 2. halvår i 1996.

Slam

Det var ikkje organisert innsamling av slam i 1995. Ordninga med slamtøming er framleis mykje omdiskutert. I hovudsak går dette på «urettvis» handsaming mellom dei som er pålagde å ha slamavskiljar, og dei som av ein eller annan grunn ikkje har dette kravet. Innan utgangen av 1997 må ein ha løysingar som handsamar slammet til eit sluttprodukt som kan nyttast.

Spesialavfall

VØR tok hand om omlag 40 tonn med spesialavfall i 1995 (inkl. olje og bilbatteri). Når det gjeld Skvett'n -ordninga så er ikkje mengdene her så store. Det viktigaste er at folk har tilbodet i sitt nærmiljø. Vi må no igang med ein ny informasjonsrunde til brukarane.

PROSJEKTARBEID

Hovedprosjektet i 1995 vart det anaerobe anlegget . Prosjektet vart utvida til å sjå på mogleg levering av fjernvarme til Sunnmøre Meieri. Konklusjonen her er at vi pr. i dag ikkje kan konkurrere med olje, og utviding av konseptet til også å gjelde fjernvarme vert lagt på is.

Styre og representantskap har vedteke utbygginga med stort fleirtal, men pga nyvalg og mykje nye folk i det politiske systemet, har vi ikkje fått handsama dette i kommunestyra. Skal vi tolke signala vi får, så må det arbeidast vidare med mogleg inntenting. Ein markedsgransking med stipulerte mengder er sansynlegvis ikkje godt nok for å få eit positivt vedtak i kommunane.

Registrering

Registreringsarbeidet har pågått også i 1995. Vi har no omlag 6300 registrerte abonnentar, og dette representerar ein auke på omlag 700 i høve til 1993-tal. Registreringa har hausta storm frå mange, ikkje minst frå politisk hald. Det får så vere, men registreringa har ført til at ein kan gjere investeringar utan at dette får utslag på gebyra. Dette er noko som har kome svært dårleg fram i dei debattane som har vore.


Styre og representantskap arbeidde ut eit framlegg til nye renovasjonsforskrifter for Volda og Ørsta kommunar. Dette vart oversendt til kommunane like over nyåret. Eit eventuelt vedtak her, vil føre til at ein på nytt må gå igjennom listene over abonnentar. Det må då bli ein klar føresetnad at vi får inn ekstern hjelp til dette.

Innsamla mengder 95

Avfall til brenning

Vi har hatt ein auke på omlag 3 % på avfall som er leverte til brenning. Auken skuldast i hovudsak to faktorar:


Vi har, som neste skjema syner, ein auke på 50 tonn på forretningsavfall. I tillegg får vi i 1995 full effekt av dei nye abonnentane som er registrete.



FORRETNINGSAVFALL


Denne framstillinga syner mengda av avfall som vert levert utanom innsamlinga VØR står føre. Dette er avfall frå forretningar og bedrifter.

Det som er vert å merke seg er at vi her har ein auke på omlag 7% trass i at Norsk Gjenvinning har intensivert monaleg innsamlinga av papp frå bedriftene.



Papp og papir

1995 var ein godt år for papirinnsamlinga. Vi hadde ein fin auke på 25% i mengde. I tillegg vart det samla inn omlag 350 tonn papp frå bedriftene i Volda og Ørsta




Glas Kvitevarer Landbruksplast

Vi tok til att med leveringar av glas til gjenvinning i 1995. Det er eit stykke igjen til vi er opp på 1992-nivå, men utviklinga er god.


Når det gjeld kvitevarer er så aukar mengda stadig. Eg har ingen god forklaring på dette, men skuldast kanskje betre tider og auka kjøpekraft?

Det vart ikkje levert landbruksplast frå VØR i 1995.




Spesialavfall

Mengdene innanfor dei ulike gruppene varierer frå år til år. Totalt sett så handterte VØR 42,4 tonn spesialavfall irekna bilbatteri og spillolje.




Spillolje

Vi er komne ned på eit «normalt» nivå igjen i høve til mengde. 1994 var eit kstremt år, noko som skuldast storaksjonen i distrikta. No er tydelegvis lagera langt på veg tømde.




Bilbatteri

Vi har ein nedgang på innkomne mengder på bilbatteri. Dette skuldast nok at mengda har «normalisert» seg i høve til 1994 då vi gjennomførte de nmykje omtala «storaksjonen».



Grovavfall

Vi har hatt ein markert auke i leveringar frå næringar. Dette skuldast delvis levering av avfall frå større rivingsprosjekt. Mengda frå private er stipulert, då mykje avfall vert levert direkte utan registrering. Aksjonen med ambulerande mottak av grovavfall resulterte i omlag 600 m³.



REKNESKAP FOR 1995

Årsresultatet fo 1995 syner eit overskot på knapt 395.000,- kroner. I seg sjølv eit svært bra resultat, men skuldast i hovedsak at ein ikkje har brukt alle låna som er innvilga. Dette gjeld først og fremst bygging av sorteringsanlegg for grovavfall (3.000.000,- kroner).

Tek ein inn dette så er inntektene totalt sett noko lavare enn budsjettert. Ein har mellom anna stipuert ein tilvekst av abonnentar i 1995, men mykje av dette kjem først inn i 1996. Vidare så minkar «kollivafallet» frå forretningane, i og med at det meste der går til Norsk Gjenvinning. VØR kompenserar dette med å stå føre pappinnsamlinga i 1996.

Også i år har det vore vanskar å få kommunane samkøyrde med VØR om oppdelinga av inntektene (oppdeling i postar). Det må arbeidast vidare med eit utvida samarbeid og «automatikk» for å sleppe alt dobbeltarbeidet.

Syner eller til vedlagte rekneskap.

Representantskapet har gjort fylgjande vedtak for bruk av overskotet:

R-sak nr: 03/96: Årsmelding og rekneskap 1995

Representantskapet gjorde fylgjande samrøystes vedtak:

Representantskapet i VØR godkjenner rekneskapen og årsmeldinga for 1995 med mindre endringar.

Ein ber om at det vert lagt fram eit eige rekneskap for utvidinga av Miljøstasjonen.

Tillegg:

Overskotet for 1995 - kr. 369.902 vert å sette av til fond for investering i anlegget for gjenbruk / grovavfallssortering.

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON

Til Representantskapet for Volda og Ørsta reinhaldsverk

6160 HOVDEBYGDA

REVISJONSMELDING FOR 1995


Vi har revidert årsoppgjeret for Volda og Ørsta reinhaldsverk for 1995. Årsoppgjeret, som består av årsmelding, resultatrekneskap, balanse og notar, er utarbeidd av verksemda sin daglege leiar / rekneskapsførar.

Oppgåva vår er å granske verksemda sitt årsoppgjer, rekneskap og handsaminga av verksemda sine tilhøve elles.

Vi har utført revisjonen i henhold til gjeldande lover, forskrifter og god revisjonsskikk. Vi har gjennomført dei revisjonshandlingane som vi har sett på som naudsynte for å stadfeste at årsoppgjeret ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar. I samsvar med god revisjonsskikk har vi kontrollert utvalde delar av grunnmaterialet som byggjer opp om rekneskapspostane, vurdert rekneskapsprinsippa og dei skjønsmessige vurderingane som er gjort av leiinga, samt innhald og presentasjon av årsoppgjeret.

Årsoppgjeret, som syner eit overskot på kr 369.902,-, er gjort opp i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk.

Larsnes, 07. mai 1996


Jostein Støylen
revisjonssjef

Kommunerevisjonsdistrikt 4 i Møre og Romsdal
Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta

Volda/Ørsta Reinhaldsverk, 6160 Hovdebygda

RESULTATREKNESKAP 01.01 - 31.12	note	1995	1994
Driftsinntekter og driftskostnader			
Driftsinntekter			
Salsinntekter av varer og tenester		11.529.882	12.138.376
Tilskot		11.452	304.935
Andre driftsinntekter		19.278	173.224
Sum driftsinntekter		<u>11.560.612</u>	<u>12.616.535</u>
Driftskostnader			
Forbruk av selde varer		430.388	303.594
Personalkostnader		3.418.310	3.562.300
Driftskostnader		5.511.599	6.883.818
Ordinære avskrivningar	5	<u>1.334.382</u>	<u>993.866</u>
Sum driftskostnader		<u>10.694.679</u>	<u>11.743.578</u>
Driftsresultat		<u>865.933</u>	<u>872.957</u>
Finansinntekter og finanskostnader			
Renteinntekter		(17.868)	(20.091)
Rentekostnader		<u>513.899</u>	<u>405.217</u>
Netto finansinntekter		<u>496.031</u>	<u>385.126</u>
Årets resultat		<u>369.902</u>	<u>487.831</u>
Oppskrivningar og overføringer			
Dekt tildlegare udekt tap			481.355
Avsett til fond for slamhandsaming		<u>369.902</u>	<u>6.476</u>
Tilført kapitalkonto		<u>369.902</u>	<u>487.831</u>

Volda/Ørsta Reinhaldsverk, 6160 Hovdebygda


BALANSE PR. 31. DESEMBER	note	1995	1994
EIGNELUTER			
Omlaupsmiddel			
Bank- og postgiroinnskot	1	413.855	182.995
Kundekrav	2	728.614	706.966
Andre kortsiktige krav	3	479.675	853.832
Lager av varer for sal	4	<u>46.800</u>	<u>82.656</u>
Sum omlaupsmiddel		<u>1.668.944</u>	<u>1.826.449</u>
Anleggsmiddel			
Transportmiddel	5	2.694.396	2.949.341
Gravemaskin	5	107.001	124.834
Komprimatorstasjon	5	4.442.692	4.059.476
Andre anlegg	5	1.182.902	<u>593.034</u>
Tomt		<u>2.360.727</u>	
Sum anleggsmiddel		<u>10.787.718</u>	<u>7.726.685</u>
Sum eigneluter		<u>12.456.662</u>	<u>9.553.134</u>
GJELD OG EIGENKAPITAL			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørar		375.098	549.583
Kassakreditt		0	175.194
Skattetrekk og arbeidsgjevaravgift til Folketrygda		212.825	236.223
Skyldig meirverdi og investeringsavgift		261.374	308.795
Påkomne, ikkje forfalne løner & feriepengar		307.124	354.660
Anna kortsiktig gjeld		188.970	66.184
Avdrag på langsiktig gjeld førstkomande år		<u>954.984</u>	<u>772.720</u>
Sum kortsiktig gjeld		<u>2.300.375</u>	<u>2.463.359</u>
Langsiktig gjeld			
Lån		9.305.224	6.426.350
Avdrag på langsiktig gjeld førstkomande år		<u>(954.984)</u>	<u>(772.720)</u>
Sum langsiktig gjeld		<u>8.350.240</u>	<u>5.653.630</u>
Eigenkapital			
Eigenkapital		1.324.692	954.790
Fond til slamhandsaming		<u>481.355</u>	<u>481.355</u>
Sum eigenkapital		<u>1.806.047</u>	<u>1.436.145</u>
Sum gjeld og eigenkapital		<u>12.456.662</u>	<u>9.553.134</u>
Trygd	6	<u>9.305.224</u>	<u>6.601.544</u>

Hovdebygda, den 30.04.1996


Ove Lid
Styreleiar


Magnar Lid

Geir Hole


Kjetil Arøen
driftsleiar


Ingrid Opedal


Jorunn Austrheim

Volda/Ørsta Reinhaldsverk, 6160 Hovdebygda

Notar til rekneskapen for 1995.

1) Bankinnskot.

Av bankinnskota er kr. 171.351 bunde innskot for skattetrekk.

2) Kunde krav.

Kunde krav er oppført til pålydande. Det er ikkje venta tap i kundekrava.

3) Andre kortsiktige krav.

Kr. 13.000 gjeld lån til tilsette. Resten er påkomne, ikkje fakturerte inntekter frå eigarkommunane.

4) Varelager.

Varelageret er ført opp til innkjøpskost. Det er ikkje ukurante varer på lager.

5) Avskrivbare driftsmiddel	Transport utstyr:	Grave-maskin:	Komprima torstasjon:	Andre anlegg:
Anskaff. kost 01.01.1995:	4.095.039	160.500	4746.776	1.435.851
Tilgang 1995:	346.383	-	679.376	1.150.819
Avgang 1995:	185.057	-	-	-
Samla avskrivningar pr. 31.12.1995:	1.561.969	53.499	983.460	1.403.768
Bokført verde 31.12.1995:	2.694.396	107.001	4.442.692	1.182.902
Avskrivningar i året:	459.438	17.833	296.160	560.951
Satsar nytta for lineær avskrivning:	10 %	10 %	5 %	12,5-66 %

6) Trygd for lån.

Av selskapet si samla gjeld er kr. 9.305.224 sikra ved garantiar fra Volda og Ørsta kommunar.